

Sotra Kystby opp til debatt

Byutvikling i region-senteret har dei folkevalde vedteke for lengst. No er spørsmålet kva det samlande namnet for byområdet skal vera.

STRAUME: Det spørsmålet ville utbyggerane på Straume og Bildøyna ta opp med dei politiske leiarane i Fjell. Måndag ettermiddag kalla ordførar Eli Berland (H) gruppeleiarane for partia inn til eit møte, der Liegruppen og Sartor Holding fekk orientera om den marknadsføringskampanjen som er på gang.

Felles budskap, eitt namn

Senterdirektør Thomas Skålnes på Sartor Storsenter meiner det er på høg tid med ein felles budskap og profilering for området, frå idrettsanlegga og næringsparken på søre Straume via senteret, rådhuset og helseområdet til bydelen som vert planlagt på nordre Bildøyna.

– Det er avgjerande å ha eit samlande namn å profilera, så spørsmålet er kva barnet skal heita. Som arbeidsnamn har me landa på Sotra Kystby, sa Skålnes til politikarane.

Han grunngeiv valet med at det er lettare å innarbeida namn som er kjent frå før. Men Straume finn ein også andre stader, medan Sartor er tett knytta til kjøpesenteret. Eigedomssjef Roy-Eddy Lie i Liegruppen understrekar til Vestnytt at Sotra Kystby er eit utgangspunkt for den namnediskusjonen dei no ønskjer med folk i regionen. Også Lie ser behovet for eit namn som samlar i eit område med fleire stadnamn som Straume og Bildøyna.

– Kystbyen bør vera med

– Me synst jo at kystbyen er eit knakande godt omgrep, som både tek med seg kulturhistoria her vest og peikar fram mot noko nytt. Dette må kombinerast med eit stadnamn, og me inviterer til diskusjon kring Sotra Kystby, seier Roy-Eddy Lie.

Eit mål i den merkevareplattforma Thomas Skålnes skildrar, er at Sotra Kystby skal bli mellom dei mest attraktive regionsentra i Norden. Ein stad å vera stolt av. Eigedomsdirektør Ernst Einarsen i Sartor Holding meiner at planane som no vert sett ut i live, er noko folkevalde, innbyggjarar og



Tidlegare ordførar Bjørn Christensen var attende i Fjell rådhus måndag, no for å fronta «Sotra Kystby» på vegner av Liegruppen. Tilstades var også Sartor Holding og eigedomsdirektør Ernst Einarsen, til møtet med rådmann Steinar Nesse og ordførar Eli Berland (H). Ho inviterte samtlige gruppeleiarar til å delta, mellom dei Tom Georg Indrevik (H), Tore Turøy (V), Marianne Bjørøy (Ap) og Vidar Arnesen (Frp). Foto: Karstein Sæverås

næringsliv har grunn til å vera kry av. No ønskjer han at politikarar og kommune skal gjera prosjekta til sine egne.

– Viss Fjell vil bruka byutvikling og nye tilbod her som middel til å henta kompetanse, til dømes til dei nye helseinstitusjonane på Straume, kan og bør dei det. Spørsmålet er om me skal løfta fram ein heilskap å vera kry av eller om me skal halda fram med einskildprosjekt, sa Einarsen.

Han peikar på at dei bygga som no vert reist og prosjekta som er i gang, følgjer opp kommunedelplanen for Straume og områdereguleringa for sentrum.

Ber politikarane engasjera seg

Einarsen er oppteken av at politikarane no må fronta den urbane tettstadutviklinga fleirtalet av politikarane har ønska. Utbyggerane tilbyr ein mal for profileringa, mellom anna med eit magasin der ordførar Eli Berland får ei side til å presentera prosjektet. Thomas Skålnes fremja også ønske om at ordføraren tek første spadetak når senterutbygginga startar. Roy-Eddy Lie er sjølv sagt samd i at Sotra Kystby er noko å

vera stolt av for heile regionen.

– Når me føreslår dette namnet, er det nettopp fordi utviklinga skal gje ringverknader for heile regionen. Tiltakskrafta mange misunner oss, er ei kraft i samfunnet her ute. Dette handlar om langt meir enn eit par profilerte utbyggerar. Utviklinga er ønska

av dei folkevalde, me er tannhjul som gjer vår del av jobben, meiner Roy-Eddy Lie.

På Straume er spaden sett i jorda, medan utviklinga av Bildøyna er under planlegging. Lie meiner at dei politiske vedtaka ikkje er blitt tydeleg nok formidla ut til innbyggjarane. Tan-

ken er no at felles profilering og eit samlande namn kan gje folk tilknytning til heilskapen i dei ulike byggeprosjekta på Straume og Bildøyna.

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein@vestnytt.no

907 69 391

Blanda politiske reaksjonar

Det var slett ikkje alle som helsa merkevareplattforma Sotra Kystby like varmt velkommen, då initiativtakarane presenterte seg for samtlige gruppeleiarar i Fjell kommunestyre. Berit Andersen (SV) seier at ho enno har til gode å møta folk som er positive til byutviklinga på Straume.

– Ein ting er trivsel i dei nye prosjekta, men kva med dei som har budd her i 30 år og ser at kvalitetane dei kom hit for, vert borte, spør Andersen.

Johannes Kobbeltvedt (Sp) og Tore Turøy (V) er også skeptiske til omfang og tempo i utbygginga. Dei er urolege for om ein vil klara å rusta opp infrastrukturen på til

dømes vegar og VA i takt med den raske utviklinga. Frå innbyggjarinitiativet Bevar Straume hadde Liv Strømme møtt fram for å høyra orienteringa. Ho har lite tru på at Sotra Kystby vert eit samlande namn på eit samlande prosjekt.

– Når ein vil starta marknadsføringa i mars, vert det for lite tid til å ta folk med i prosessen. Her burde ein la folk røysta over namnet, eller i det minste senda det på høyring til velforeiningane i området, seier Liv Strømme.

Kommunikasjonsrådgjevaren har ikkje tru på engasjement kring eit namn ho trur er avgjort på førehand. Leiaren i Bevar Straume

hevdar at Sartor Holding og Liegruppen har kuppa den politiske prosessen kring regionsenteret. Men Strømme får liten støtte frå politikarane i dei større partia. Odd Bjarne Skogestad (KrF) og Marianne Bjørøy (Ap) meiner rett nok at namnet Sotra Kystby både er platt og tungt. Talsmann for Liegruppen, tidlegare ordførar Bjørn Christensen, understrekar at det er opp til politikarane å vedta namn og søkja bystatus.

– Det får me koma attende til. Det gledelege no er at aktørane kan samlast om eit felles opplegg for å profilera utviklinga av området vidare, seier ordførar Eli Berland (H).



Roy-Eddy Lie

Får fiber til bygdene

Folk på Lie og Ekerhovd slepp svarte skjermar og nett-isolasjon. No bygger BKK ut fiber.

EKERHOVD: – Me er svært letta og veldig takksame for den avgjerda BKK har kome fram til. Dei hadde inga plikt til å bygga ut, men har valt å lytta til folk her ute, seier Roy-Eddy Lie.

Før jul var han uroa for nettløysinga til nabolaget på Lie og Eker-

hovd. BKK har halde dei gamle koparlinjene opne på overtid og ville setja foten ned ved nyttår. Spørsmålet var om dei kunne finna godt nok grunnlag for å erstatta gamal ADSL-løysing med nytt «Altibox»-tilbod, basert på framføring av fiber til bustader og bedrifter. I bygdene sør for Ekerhovd oppvekstun samla bygdefolket seg i midten av november til møte med BKK. I etterkant av møtet hadde Lie

tru på at selskapet ville finna grunnlag for å satsa på fiberutbygging.

– No viser det seg at dei kan bygga ut og tena pengar på å tilby oss ei fullverdig løysing. «Altibox» dekkar behova både for nettbedrifter og skuleungar som skal gjera lekser på «It's learning». Gleda er stor i bygdene over at me får ei løysing for framtida, seier Roy-Eddy Lie.

Dei som knyttar seg på no, slepp unna med ein eigendel på 7.500 kro-

ner, grunna god oppslutnad. Det trur Lie er ein pris dei fleste synst er til å leva med, ut frå dei signala som kom på møtet i haust. BKK reknar med byggstart om tre veker og at fiberløysinga er på plass i midten av april, så sant ein ikkje får dårleg ver eller anna som forseinkar arbeidet.

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein@vestnytt.no

907 69 391